



Ard arealplan
Domkirkegaten 3
5017 BERGEN

Dato: 13.08.2014
Vår ref.: 2014/18411-3
Saksbehandlar: annvabo
Dykkar ref.:

Fråsegn til varsel om oppstart av detaljregulering for Alverflaten, gnr. 137, bnr. 325 ,469 - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 24. juni 2014 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Alverflaten. Hovudføremålet med reguleringa er industri og næring. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommunedelplan der området er sett av til industri.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsvarslinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

I det vidare arbeidet vil vi leggje særleg vekt på:

- Areal- og transport
- Arkitektur og estetikk
- Barn og unges interesser
- Folkehelse
- Friluftsliv
- Landskap
- Kulturminne
- Næringsutvikling
- Samferdsel
- Senterstruktur

Meir om landskap, friluftsliv og folkehelse:

Planområdet grenser til det svært viktige regionale friluftsområdet Erstadfjellet. Vi ber om at planarbeidet tek omsyn til dette.

Meir om kulturminne:

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Kultur- og idrettsavdelinga vil minne om pkt 2 i dei regionale retningslinene i fylkesdelplan for kulturminne, der dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Planar som ikkje har tilfredsstillande dokumentasjon om kulturminne kan returnerast for utfyllande dokumentasjon. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalt, verneverdien vurdert og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Her er det viktig å få fram ikkje berre fornminne og bygningar/bygningsmiljø, men òg steingardar, gamle ferdssårer, utmarksminne, tekniske kulturminne, kulturlandskap, m.m.

Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområdet. Vi har såleis ikkje vesentlege merknader til planarbeidet når det gjeld omsynet til kulturminne på noverande stadium i planprosessen.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Oppsummering

Hordland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på areal- og transport, arkitektur og estetikk, barn og unges interesser, friluftsliv, landskap, kulturminne, næringsutvikling, samferdsel og senterstruktur.

Marit Rødseth
plansjef

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Sakshandsamar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Heidi Handeland, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Lindås kommune

Statens vegvesen - Region Vest